

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jarle Skartun
Arkivsaksnr.: 17/3777

Arkiv: 151

Budsjett 2018, økonomiplan og planleggingsprogram 2018-21.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet sine innspel vert tekne inn i det vidare budsjettarbeidet.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Øp.notat 3 m/vedlegg.

Uprenta vedlegg: T2, B-17,

Samandrag:

Det er avtalt drøftingsmøte på budsjettet.

Rådmann legg i møte fram utkast til ; «Skjema 1A(samla inntekter/utgifter), skjema 1B(fordeling til drift.), skjema 2B(investeringar). Arbeidet er førebels ufullstendig og drøftingane er føresettt skal gi innspel og føringar på det vidare arbeidet.

Utval som har vedtaksmynde: Formannskapet.

Fakta/Vurdering:

Det vert vist til tidlegare arbeid i budsjettprosessen.

Øp-notat nr.1 og 2. og T2 kjem fram med det sentrale grunnlaget for budsjettarbeidet.

Pr no manglar me skatteutmåling på eigedomsskatt på dei store kraftverka. Det er ein viktig føresetnad for balansering av budsjettet då me er usikre på kor mykje reduksjonen i ES vert neste år.

Rådmannen si førebelse vurdering er at me kan betre balansen i budsjettet om lag slik:

-Generelle inntekter/utgifter: 2-3 mill. (dette med atterhald om ES store kraftverk.)

-Fordeling til drift, betre netto rammer : 7-9 mill.

-Eigedomsskatt, utviding av grunnlag, auka inntekter : 5 mill.

I øp notat 3 som ligg ved saka er det skisse til:

-Skjema 1A(samla inntekter/utgifter): Framskrivning med dei generelle inntektene og utgiftene så langt me kjenner dei i dag.

-Skjema 1B(fordeling til drift.): Kwart rammeområde har fått tildelt innsparingskrav og levert innspel til tiltak. Arbeidet er ikkje ferdig, men det er referert aktuelle tiltak til innstramming/forbedring. Forslag til betalingsattsar for 2018 er utarbeidd.

-Skjema 2B(investeringar): Det er utarbeidd ein skisse til rullering av investeringsplan.

(Øp-notat 3 med ev. vedlegg vert sendt på e-post, seint fredag 27.10 m/ev supplering på måndag 30.10.)

Føringar frå drøftingane 31.10 vert tekne inn i arbeidet med mål om konklusjonar på sentrale områder i formannskapet sitt møte 08.11.

Dato: 27.10.17

Jarle Skartun
rådmann

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:

